



Også for mange i Uskedalen bør det vera interessant å bli med i minikurset om tilskotsordningar for frivillige lag og organisasjonar og kommunalt tilsette som kommunen held.

Kurset er i kulturhuset på Husnes

måndag 11. og tysdag 12. februar og i invitasjonen frå kommunen heiter det at 20 milliardar kvart år ligg og ventar på søknaden din.

Dette kurset motiverar til å finna kreative modellar for å søke tilskot,

Forelesar er Anders A. Vik som set fokus på nye måtar å tenkje på med omsyn til moglege tilskotskjelder. Invitasjonen siterer til dømes ein leiar av ein friviljug organisasjon i Arendal som seier at han har fått innblikk i ei heilt ny verd som han ikkje trudde eksisterte.

Under kurset blir det mellom anna peika på moglegheitene som vert fleire gjennom samarbeid med andre og på korleis ein fyller ut ein god, enkel og kreativ søknad.

Ein får gode tips om stiftelser, fond og legat.

Påmeldinga skjer til 900 76 543 og dette er eit gratiskurs!

Måndagen er det kveldskurs

for lag og organisasjonar og tysdag dagskurs for kommunalt tilsette.